
Fra: Irene Nærbø Wilhelmsen
Sendt: tirsdag 29. januar 2019 13:22
Til: Eilin Houlison Molvik
Kopi: Ketil Mikkelsen; Rune Kilen
Emne: SV: Førebels uttale VS: 18/17253 Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet til uttale - gbnr 172/3 Hopland

Hei,

I tillegg til det eg skreiv, vil me leggja til:

I samband med vedlikehald av veg, asfaltering, grøfterensk etc... må større køyretøy ha tilkomst til areal langs vegen. Det vil kunne vere i vegen for bl.a. gravemaskin.

Ein terrasse 1,2m ut frå veggjen vil lastebilar eller traktorar kunne komme frlig nær og ved uhell kunne komme borti.

Dersom større køyretøy kjem borti og øydelegg ei slik fasade kven vil då vere ansvarleg?

Vegavdelinga ser ikkje positivt på eit utbygg og vil ikkje tilrå eller godkjenne ein dispensasjon frå byggegrense mot veg.

Beste helsing

Irene Wilhelmsen | Ingeniør - vegavdelinga

E-post: irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 98 | **Mobil:** +47 994 66 658

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: 24. januar 2019 08:19
Til: Irene Nærbø Wilhelmsen
Emne: SV: Førebels uttale VS: 18/17253 Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet til uttale - gbnr 172/3 Hopland

Takk for tilbakemelding,

Det går bra at det kjem med ei uttale ila. Måndag. 28.01.19.

Med helsing

Eilin H. Molvik | rådgjevar byggesak

E-post: eilinhoulison.molvik@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 78

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.

Fra: Irene Nærbø Wilhelmsen

Sendt: onsdag 23. januar 2019 17:19

Til: Eilin Houlison Molvik; Rune Kilen

Emne: Førebels uttale VS: 18/17253 Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet til uttale - gbnr 172/3 Hopland

Hei Eilin,

Eg har tenkt å ta denne saka opp til diskusjon i eit felles møte me skal ha på tysdag.

Eg ser at du helst vil ha svar innan fredag, men Rune er vekke i morgon og opptatt fredag, så tidlegast kan eg få diskutert dette på måndag morgon.

Sender med alt i denne førebels uttalen, så kan Rune sjå på det før måndag om han får høve.

Slik eg ser skissene i tiltaket, vil ein veranda/svalgang langs bygningen bli ein form for heng utover mot vegen.

Hønsedalen er ein svært smal veg og driftsbygningen ligg pr. i dag tett opp til vegen. I følgje vegbildene er avstanden mellom asfaltkant og vegg rundt 2,5m.

Betongfasaden er rundt 3,3m høg og ut i frå snitt teikning B-B ser det ut til at veranda mot veg vert liggande 3m over bakkenivå og stikke 1,2m ut frå vegg.

I tillegg til at utrykkingskøyretøy skal kunne passere skal Høsedalen både brøytast og driftast av større køyretøy sommar og vinter.

Situasjonsplanen viser og at påbygget ikkje er tenkt å gå heilt ut til vegkanten, men med bakgrunn i at vegen her i utgangspunktet er smal og ein har ei skjæring på andre sida, vil det følast svært trangt med ein veranda langs heile bygget.

Eit utbygg mot vegen vil føre til at nedfall på veg vert nærmare.

Det skal nok svært gode argument til for at dispensasjon frå byggegrensa mot veg skal kunne forsvarast.

Dette er som sagt berre ei førebels uttale, ynskjer å diskutere den nærmare med andre på avdelinga.

Ha ein fin dag!

Beste helsing

Irene Wilhelmsen | Ingeniør - vegavdelinga

E-post: irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 98 | **Mobil:** +47 994 66 658

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Eilin Houlison Molvik

Sendt: 18. januar 2019 13:15

Til: Irene Nærbø Wilhelmsen

Emne: 18/17253 Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet til uttale - gbnr 172/3 Hopland

Sjå vedlegg

Kunne Teknisk drift v/Vegavdelinga komt med en vurdering av dei skisserte tiltaka i denne saka.

Er det sannsynleg at dei får dispensasjon frå veglova for plassering av veranda slik som vist?

Vi har gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet slik som det er søkt om. Vedtaket er klaga på og saka skal opp til politisk handsaming i februar.

Kunne du eller ein av dykk på veg, komt med ei vurdering av saka helst innan 25.01.19

Med helsing

Eilin H. Molvik | rådgjevar byggesak

E-post: eilinhoulison.molvik@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 78

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.